





Møre og Romsdal
fylkeskommune

Hørings svar – forslag til nytt inntektssystem

Vestlandsrådet 07.02.2023



Omfordelingar mellom fylkeskommunene




- Større omfordelingar mellom fylkeskommunane enn det som var tilfelle ved sist endring i 2020
- Det er i hovudsak kystfylka som taper på det nye forslaget (med Finnmark som et unntak)
- Nordland, Møre og Romsdal og Troms kjem dårlegast ut, men også ein betydeleg nedgang for Rogaland. Noko mindre for Vestland.

Dei foreslåtte endringane i inntektssystemet gir 187,9 mill.kroner reduksjon i rammetilskot til Møre og Romsdal

Fylkeskommune

tal i mill.kr



Møre og Romsdal Fylkeskommune har per i dag 31,3 prosent høgare utgiftsbehov per innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Forslaget til ekspertutvalet reduserer dette til 26,3 prosent

Forslag Møre og Romsdal ikkje støttar

1. Generelt støttar vi ikkje metoden som er brukt og heller ikkje resultata som kjem fram i regresjonsanalysen for å komme med anbefalte kriteriesett for utgiftsutjamninga. Regresjonsanalyse basert på få observasjonar er ein ueigna metode for å berekne fordeling mellom fylker i Noreg. Metodeproblema kjem særlig fram i analysane av delkostnadsnøkkelen for fylkesvegferjer (inntektsmodellen), kollektivtrafikk og fylkesveg.
2. Vi støttar ikkje innføring av ny inntektsmodell i delkostnadsnøkkelen for fylkesvegferjer, og vil tilrå at dagens modell for normerte ferjekostnader blir vidareført for 2024. Vi tilrår at det blir gjort ein ny vurdering av inntektsmodellen etter nye analysar på ulike variablar der det ikkje er skeivheit i resultata, slik det er i TØI sin modell.

Forts.

3. Vi støttar ikkje forslag til endring i delkostnadsnøkkel for kollektiv, med dei kriteria som er foreslått, verken alternativ 1 eller 2, då ingen av kriteria tar føre seg den kostnadsforskjellen som ligg i det å tilby kollektivtransport gjennom hurtigbåt kontra buss og bane. Møre og Romsdal Fylkeskommune ber om at dagens kriterium («Kystlinje») eller ei «spissing» av «normerte båtkostnadar» blir utgreidd slik at dette kjem tydlegare fram.
4. Vi støttar ikkje berekninga av kriteriet «vedlikehaldsbehov for fylkesvegar» presentert av SØF (Senter for økonomisk forskning ved NTNU). Møre og Romsdal fylkeskommune vil oppmode til at ein vurderer om MOTIV-berekningane kan innførast på nytt med eventuelle endringar.

Forts.

5. Vi støttar ikkje at tilskot til fornyning og opprusting av fylkesveg blir flytta ut av tabell C og fordelt etter ny delkostnadsnøkkel for fylkesveg. Ei omfordeling mellom fylka bør skje etter den nye kartlegginga av vedlikehaldsetterslepet i kvart fylke.
6. Vi støttar ikkje å avvikle kompensasjonsordninga, og meiner den bør vidareførast, i det minste midlertidig. Dette på bakgrunn at den store omfordelinga mellom fylker kjem i ei tid der fylkeskommunane er i ein vanskeleg økonomisk situasjon frå før.

Møre og Romsdal støtter:

- endring av delkostnadsnøkler for vidaregående opplæring og tannhelse
- at reiseavstand tas inn i tannhelsenøkkelen
- at løyving til ras- og skredsikring vert særskilt fordelt i tabell C (øremerka)